


Planinitiativ

for gnr. 63 bnr. 15 mfl, Sløvåg - Gulen kommune



Opplysningar om fagkyndig/plankonsulent

Firma: Sweco Norge AS
Kontaktperson: Silje Hermansen
E-post: silje.hermansen@sweco.no
Telefon: 980 41 588

Opplysningar om forslagstillar

Firma: Wergeland Base AS
Kontaktperson: Bjarte Aldal
E-post: bjarte@wergeland.com
Telefon: 57781800

Opplysningar om heimelshavar

Namn: Wergeland Eiendom AS
E-post/telefon: bjarte@wergeland.com / 57781800

Innhald

Formålet med planen.....	3
Gjeldande plansituasjon og føringar	3
Kommuneplanens arealdel 2012-2024.....	4
Gjeldande reguleringsplanar	5
Gjeldande retningslinjer	5
Pågåande planarbeid	6
Planområdet og omgjevnadene.....	7
Planområdet.....	9
Skildring av nærområdet	10
Stadanalyse	10
Om plantiltaket.....	10
Tiltaketets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader	12
Samfunnssikkerheit	12
Varsling	12
Medverknad og samarbeid.....	13
Vurdering av om planen vert omfatta av.....	13
Kjelder:.....	19

Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)

Rydde opp i gjeldande planar:

Planområdet er regulert i gjeldande planar:

Plan-ID 199009	Utviding av steinbort, Sløvåg industriområde
Plan-ID 1997005A	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 1997005B	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 1997005C	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 2013001	Halsvik spolebase industriområde
Plan-ID 2013003	Gulen industrihamn, vedtatt 2018
Plan-ID 2013002	Råolje og pet.tem. industriom. – G.I.H
Plan-ID 2002001	Sløvåg industriområde nord

Innanfor planområdet har det vært fleire dispensasjonar for ulike tiltak. Det er pågåande dispensasjonar og det er ein pågåande tilsynssak som blant anna gjeld byggjearbeid, terrenginngrep, vassleidning og vegar som er etablert utan løyve.

Formålet med planarbeidet er å rydde opp i pågåande saker slik at ein får ein reguleringsplan som er i samsvar med det som er bygd. Samstundes ynskjer ein å sjå framover slik at det som vert bygd i framtida er sikra i plan.

Ein legg til grunn at tillatelsar som er gitt i gjeldande planar, søknader og dispensasjonar vil gjelde i ny plan.

Reguleringsendring

Det er satt i gang eit arbeid med konsesjonssøknad for vindturbin. Denne er planlagt høgare enn det som er omtalt i gjeldande plan. Det kan vere aktuelt å utarbeide ei reguleringsendring for dette tiltaket. Dette er ynskjeleg å ta opp i oppstartsmøte med kommunen.

Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)


Planområdet er i gjeldande kommuneplan vist under. Det meste av området er avsett til næring. Område aust innanfor planavgrensinga er avsett til LNF, ei eventuell omregulering av dette området vil ikkje vere i samsvar med overordna plan.

Arealdelen for Gulen 2020-2030 er under rulling. Det ligg ingen kommunedelplanar i planområdet.


Kommuneplanens arealdel 2012-2024

Kommuneplanens arealdel 2012-2024 vedteken 12.06.2014 viser følgjande formål i og rundt planområdet:

- 1200 Råstoffutvinning
- 1300 Nærings bygningar
- 1800 Kombinert byggje- og anleggsformål
- 2010 Veg
- 2040 Hamn
- 5100 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden
- 6200 Farled



Figur 1 Utsnitt frå KPA 2012-2024 som viser arealformål i området. Kjelde: nordhordalandskart.no




Figur 2 Utsnitt frå KPA 2012-2024 som viser formål og omsynssoner. Kjelde: nordhordalandskart.no

Gjeldende reguleringsplanar

Følgjande gjeldande reguleringsplanar ligg i og rundt planområdet:

Plan-ID 199009	Utviding av steinbrot, Sløvåg industriområde
Plan-ID 1997005A	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 1997005B	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 1997005C	Utbyggingsplan for Baker oil tools
Plan-ID 2013001	Halsvik spolebase industriområde
Plan-ID 2013003	Gulen industrihamn, vedtatt 2018
Plan-ID 2013002	Råolje og pet.tem. industriom. – G.I.H
Plan-ID 2002001	Sløvåg industriområde nord




Figur 3 Kartutsnitt som viser alle gjeldende reguleringsplanar i og rundt planområdet. Kjelde: nordhordalandskart.no

Gjeldende retningslinjer


- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023
- T-5/95 Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planleggingen
- T-1442/2021 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging
- Statlig planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunene (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- FNs bærekraftsmål
- Regional planstrategi

Pågående planarbeid




Figur 4 Utsnitt som viser planavgrensning for reguleringsplan under arbeid. Kjelde: nordhordalandskart.no
Reguleringsplan for Sløvåg næringsbygg er under arbeid.

Planområdet og omgjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b)



Figur 5 Foreslått planområde er 4546 daa.




Figur 6 Foreslått plangrense med gjeldande reguleringsplanar under.

Planområdet

Planområdet ligg i Gulen kommune som ligg i Ytre Sogn i Vestland, like ved starten til Sognefjorden.



Figur 7 Oversiktskart som viser planområdets plassering. Kjelde: norgeskart.no




Figur 8 Utsnitt som viser Gulen industrihamn. Kjelde: Norgeskart.no

Planområdet ligg vest for Halsvika på nordsida av Fensfjorden og omfattar Gulen industrihamn (med meir) som er eit opparbeida industriområde med tilhøyrande kaianlegg og internveger. Kaiene er til saman ca 1500 m og nyttast til å handtera varer, gods og utstyr over kai.

Fleire næringsverksemdar held til innanfor planområdet, blant anna Wergeland Base AS, Alexela Sløvåg AS og Birkeland Entreprenørforretning AS.

Området har avkjørslse frå fv 57 Gulafjordvegen.

Skildring av nærområdet



Figur 9 Oversiktsbilete av nærområdet. Kjelde: Google earth

Areala rundt planområdet er prega av industrianlegga ved Gulen industrihamn, Skipavika næringspark og Mongstad, sjå figur 5 over. Sløvågen ferjekai ligg 1 – 2 km lengre nordvest for området.

Landskapet har gått gjennom store endringar dei siste 40-50 åra i samband med industriutbygginga.

Områda nord og aust for Gulen industrihamn er satt av til landbruk, natur og friluftsliv i kommuneplanens arealdel.

Stadanalyse

Området er utbygd og det vert ikkje utarbeidd stadanalyse.

Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)


Ein ynskjer no å utarbeide ein reguleringsplan for alle dei gjeldande reguleringsplanane og utbyggingsplanane nemnt over. Dei ulike planane er vedteken med eit spenn i tid; 1999-2018. Utforming av planar har endra seg i løpet av desse 20 åra, Plan- og bygningslova og krav til utforming og dokumentasjon har endra seg. Når grunneigarar søker om tiltak som går over

fleire planar blir dette ei utfordring for grunneigarar og kommunen. Ein heilskapleg plan vil gjere det enklare for kommunen og offentlege instansar å handsame tiltak innanfor området. Gjennom planarbeidet vil ein sjå på moglegheit for nye tiltak:

- A. Midlertidige/prosjektrelaterte brakkerigg 2-4 etasjar
- B. Energistasjon med kontor 3-4 etasjar
- C. Arbeidshallar
- D. Flytte knuseverk
- E. Utskipinskai for vindmøller
- F. Delar av LNF til industri. Ein vil og sjå på omregulering av delar av LNF område innanfor plan Halsvik spolebase industriområde Plan-ID 2013001 (vedteken 2013). Området ligg langs dagens industriområde, område langs sjø regulerer ein vidare som LNF-område.
- G. Nybygg kontor-lagerbygg, 3-4-etasjar
- H. Vindturbin
- I. Fylle i ein eksisterande småbåthamn som ligg inni området
- J. 2 små nye kaiar
- K. 4 forankringsplassar i fjorden. Forankringsplassane er tenkt som venteplass for vinturbin mellom testing og utsleping. Ein ser for ser at vindturbinane vil stå på forankringsplassane nokre dagar før dei vert frakta ut til lokasjon i havet. Dette området går utanfor gjeldande reguleringsplan.
- L. Djupvasskai
- M. Ny større kran
- N. Utvide sjøområde for å få plass pir for produksjon av vindturbin. Flytande kai for å fabrikkere vindturbinunderstell. Tiltak som er reverserbart. Dette området går utanfor gjeldande reguleringsplan.

Vidare er det ynskje om å etablere eit testanlegg for havvindturbin. Turbinen er regulert i gjeldande plan for Gulen industrihamn. Til dette arbeidet er det i gang ein konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing. Det er hensiktsmessig at konsesjonssøknaden tek med seg område K og N i arbeid med konsekvensutgreiinga. Resultat frå dette arbeidet vert tatt inn i arbeid med reguleringsplanen. Høgda på testanlegget er planlagt høgare enn i gjeldande reguleringsplan. Det er planlagt søknad om dispensasjon for dette tiltaket. I oppstartsmøte vil ein diskutere om det for dette konkrete tiltaket skal utarbeidast ei mindre reguleringsendring.

Planområdet er stort og ein vil gjennom planprosessen sjå på endeleg avgrensing/innsnevring av planen.



Figur 10 Bilete som viser omtrentleg plassering av nye tiltak.

Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

Dei nye tiltaka ligg for det meste innanfor gjeldande industriområde og er ei vidareføring av den drifta som er der i dag. Nye kaianlegg, bygg og andre tiltak vil verte synleg frå fjorden innanfor eit etablert industriområde.

Testanlegget vil bli visuelt synleg for nærområda og omkringliggande kommunar. Den kan og få konsekvensar for andre ikkje prissette konsekvensar, dette vert utgreidd i konsesjonssøknad.

Omregulering av delar av LNF området er ei endring ut frå dagens situasjon. Konsekvensar for omgjevnader: terrenginngrep, visuelle verknader, silhuetteeffektar, natur, friluftstingter, evt støy, lukt og forureining blir belyst i planprosessen. Dette gjeld spesielt mot friluftsområde og dei bebygde områda i Halsvika, Halsvikvågen og Stokkevågen.

Samfunnssikkerheit (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

Etter Plan- og bygningslova vert det utarbeidd ROS-analyse. Denne tek utgangspunkt i ROS-analysar i gjeldande planar. Nye tiltak vert i tillegg vurdert.

Varsling (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j)

I tillegg til grunneigarar, festarar og rettshavarar i og tilgrensande planområdet skal fylgjande offentlege organ og andre interesser varslast:

- Statsforvaltar
- Vestland fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Bergen sjøfartsmuseum
- Gulen kommune
- Brannvesenet i regionen
- Fiskeridirektoratet
- Kystverket vest
- NVE
- BKK
- Telenor
- Statnett
- Direktorat for samfunnssikkerheit og beredskap
- Direktorat for mineralforvaltning
- Sogn og fjordane sivilforsvar
- Mattilsynet
- Naturvernforbundet
- Direktorat for naturforvaltning
- Vestland natur og ungdom

Medverknad og samarbeid (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

I tillegg til medverknadsprosess etter Plan og bygningslova, med varslng av planen og høyring, legg ein opp til ein tett dialog med Gulen kommune, Statsforvaltar og NVE.

Når innkomne merknader til oppstart er gjennomgått vil ein vurdere om det er behov for ein meir tilrettelagt prosess som kontordag eller folkemøte.

Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredninger (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav l)

Etter §4 i forskrift om konsekvensutgreiing skal forslagsstillar vurdere om planen eller tiltaket vert omfatta av §6, §7 eller § 8.

Vurdering:

Plan 2013003 har vurdert planen til ikkje å være konsekvensutgreiingspliktig. Den største planen, Gulen industrihamn, er vedtatt 18.10.18. Kring KU-vurderinga står det:

«21.06.2012 vart kommunedelplanen for Steine, Sløvåg, Skipavika vedtatt. Seinare er kommunedelplanen vidareført og innarbeidd i kommuneplanen si arealdel og godkjent i 2015. Det ligg føre ei grundig KU - utgreiing til den vedtekte kommunedelplanen som fangar opp nokre av dei reguleringsføremåla som vår reguleringsplan skal syna.

I gjeldande KDP er planområdet avsett til industri, offentlege trafikkområde, fareområde, spesialområde og blanda føremål (kontor og industri). I 2005 vart det laga ein tilleggsutredning til KU for deponi og behandlingsanlegg for låg radioaktivt avfall .

Regulering av allereie eksisterande verksemd vil heller ikkje utløysa plikt til konsekvensutgreiing, med mindre reguleringa legg til rette for ein vesentleg utviding av eksisterande verksemd som vert fanga opp av kriteria i KUF vedlegg I . Det er ikkje tilfelle her. Reguleringsplan/detaljplan for Halsvik, Gulen Industrihamn, Sløvåg sør legg opp til å vidareføra tidlegare reguleringsplan sine føremål (med mindre justeringar som planføresegnene gjev grunnlag for).

Planarbeidet vil heller ikkje på vesentlege område endra kommuneplanen for Gulen kommune sine intensjonar. På bakgrunn av utgreiinga over og samtalar med Gulen kommune, vurderer ein planarbeidet for utarbeiding av reguleringsplan for Halsvik, Gulen Industrihamn, Sløvåg sør ikkje å koma innunder konsekvensutgreiingsforskrifta .»

Vindkraft


For tema «Konsesjonsppliktige anlegg for utnytting av vindkraft til energiproduksjon» står det at dette vil verte konsekvensutgreidd i neste fase. Parallelt med oppstart av denne reguleringsplanen er det starta opp konsesjonssøknad for vindkraft. I den samanheng vil dette bli konsekvensutgreidd. Konsesjonssøknaden vil beskrive tema som vert tatt med. I søknaden blir område k- forankringsplassar i fjorden og N- Flytande kai i figur 10, som går utanfor dagens planar, inkludert.

Konsekvensutgreiinga vil takast inn i denne planen og leggjast ved planen.


For tiltak innanfor dagens formål som: Industri, lager, bygningar og anlegg, næringsbygningar, forretning, kontor, næring/tenesteyting, køyrevog, steinbrudd og masseuttak, kai, hamneområde i sjø, er dette ei vidareføring av dagens formål og er konsekvensutgreidd i Kommuneplanens arealdel.

Vidare er det gjort ein vurdering av følgjande tiltak:

Omregulering av LNF til industri (service næring/lett næring til lagring utandørs)



Figur 1 Utklipp av gjeldande reguleringsplanar



Figur 12 LNF område ein ynskjer å sjå på til service næring/lett næring til lagring utandørs

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:

Følgjande planar og tiltak skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding: b. reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen

Vurdering § 6:

Tiltaket er ikkje innunder vedlegg I.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Følgjande planar og tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding:

a. reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen

Tiltaket er ikkje innunder vedlegg II. Tiltaket er ikkje i samsvar med overordna plan, og skal dersom det får vesentleg verknader for miljø og samfunn konsekvensutgreiast.

I vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal det ses hen til eigenskapar ved planen eller tiltaket omtalt i § 10 andre ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påverknad på omgjevnadene, jf. tredje ledd.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:

- a) størrelse, planområde og utforming
- b) bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar
- c) avfallsproduksjon og utslepp
- d) risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar.

Videre skal det gjerast ein vurdering etter § 10, fjerde ledd i forskrifta, om planen eller tiltaket kan medføre eller kome i konflikt med:

a) verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.

Vurdering

- Det er ingen kjende, prioriterte naturtypar innanfor området. Det er registrert myr innanfor området.
- Det er ikkje registrert verna vassdrag eller laksefjord.
- Det er registrert automatisk freda kulturminne i nærleiken. Det kan difor vere potensiale for busetnadsfunn innanfor LNF-området ein ynskjer å omregulere. Grunna dette kan tiltaket utløyse KU-plikt.

b) trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv

Vurdering

Området i nærleiken, spesielt strandsona, er viktig for friluftsliv og landskapsopplevinga. Tiltaket utløyser KU-plikt.

c) statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77

Vurdering

I følgje Statleg planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging skal ein ved omdisponering av viktige areal for grønstruktur, friluftsiinteresser bør potensiale for transformasjon vere kartlagt. Ein vurderer difor at ein bør belyse tiltaket nærare.

d) større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller område som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.

Vurdering

Tiltaket er avsett til LNF og er difor inkludert i punkt d)

f) konsekvensar for befolkningas helse, for eksempel som følgje av vann- eller luftforureining.

Vurdering

Tiltaket utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter punkt f).

g) vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

Vurdering

Gjennom plan- og prosjektering må en ha fokus på klimagass, herunder handtering av massar. Ein vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

h) risiko for alvorlege ulukker som ein følgje av naturfarar som ras, skred eller flom.

Vurdering

Ras og skred er eit tema i regleringsplanprosessen. Dette vert sikra gjennom prosjektering og det vurderast ikkje som konsekvensutredningspliktig.

Konklusjon

Omregulering av LNF fell inn under konsekvensutgreiingsforskrifta og må ha planprogram eller melding etter §8, jf § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar. (Kjelder naturbase kart). Aktuelle tema er landskap, friluftsliv, kulturminne, naturmiljø.

Frå naturbase:


Arter: Ingen registrerte

Forurensa grunn: Ingen registrert førekomst.

Friluftsliv: potensielt tilgjengeleg strandsone (registrerte tilgjengeleg strandsone er ikkje tenkt omregulert)



Naturtypar: djup og grunn myr.



Landskap: kystslettelandskap



Kulturminne: Automatisk freda kulturminne, busetnadsspor (fjerna)



Kjelder:

- Gulen kommune. 2023. https://www.gulen.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/
- Naturbase kart 2023:
<https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>
- Forskrift om konsekvensutgreiing: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging/id2001539/>
- Nordhordalandskart. 2023. <https://www.nordhordalandskart.no/pr>
- Wergeland Gruppa AS. 2023. Testanlegg for en havvindturbin, Sløvåg.pdf
- Wergeland.com. 2023. <https://www.wergeland.com/gulenindustrihavn>